

20 296 innsamla i demensaksjonen

26.09.2011



Trass i det vonde veret vart det gjort ein storinnsats i kveld med innsamling til den årlege demensaksjonen. Allereie etter 2 timer kunne helselagets ivrige kvinner slå fast at 20 000 var passert og det er rundt regna 2 000 meir enn i fjor og forfjor.

Så var da også innsamlarane fleire enn i fjor. Dei var rundt 30 mot 22 i fjor og dei var møtt med stor velville då dei tråla bygda under oppmodinga Hugs dei som gløymer!

70.000 er ramma av demens, også mange i vår kommune.  
På biletet over er rundt 20 av innsamlarane klare til utrykning  
frå Gamleskulen.

PS: Den eksakte summen ved innsamlinga vart 20296,50 - ein svært imponerande sum med tanke på det vonde veret og på at det bur berre vel 1.000 i Uskedalen.

Foto: Ola Matti Mathisen